



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	27.08.2015
Tid:	16:30 – 20:50

Medlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Camilla Storøy	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Medlem	H
Frank Lied	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Thor-Sigmund Garvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Kaja Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Fred Hansen	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Norvald Muren	MEDL	H

Kjerstin M. Lilleøy Nygard	MEDL	H
----------------------------	------	---

Varamedlemer som møtte:

Magnar Storøy	Henry Jøsokbakke	V
Knut Tandberg	Fred Hansen	H
Oddmund Voldsund	Kjerstin M. Lilleøy Nygard	H
Kai Andre Igesund Yndestad	Norvald Muren	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Dag Kåre Nærø	FRP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Leiar avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.
Innkalling vart sendt ut til medlemene og dei fremste varamedlemene.

Det møtte 28 medlemer og 5 varamedlemer, tilsaman 33 representantar, fulltallig.

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Bjørn Otterlei og Thor-Sigmund Garvik

Stian Sævik Elveseter fekk permisjon frå kl. 19:00 under handsaminga av K-sak 96/15.
Bjarne Kvalsvik fekk permisjon frå kl. 20:30, etter handsaminga av K-sak 100/15.

Skriv delt ut i møte:

- Brev av 24.10.2014 frå Herøy Fiskarlag – Innspel til deponering av forureina masse frå utdjuvinga av Fosnavåg hamn.

Orienteringar:

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS v/dagleg leiar Karl Petter Sortehaug

underskrifter

Bjørn Otterlei

Arnulf Goksøyr
ordførar

Thor-Sigmund Garvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 89/15	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 90/15	Protokoll frå førre møte.
PS 91/15	Delegerte saker
PS 92/15	Referatsaker
PS 93/15	Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - slutthandsaming
PS 94/15	Detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina) - handsaming etter offentleg ettersyn
PS 95/15	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for Eggesbøjordå område F/K/O
PS 96/15	Miljøopprydding Fosnavåg hamn - prinsippavklaring deponering av masser i samband med mudring
PS 97/15	Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 - utkast til drøfting
PS 98/15	Sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg - gjennomføring av tiltak og løyving av naudsynte midlar
PS 99/15	Oppreisningsordning for barneheimsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn
PS 100/15	Sunnmørsbadet. Søknad om auka kommunal finansiering.

Orientering:

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS v/dagleg leiar.

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 224/15 Ferdigattest masseutskifting 29/315
- DS 225/15 Daniel Rødseth - 4/27 - Tilbygg/garasje
- DS 226/15 Gnr 37 Bnr 165, 166 og 506 - Deling av grunneigedom
- DS 227/15 Gnr 5 Bnr 16 - Frådeling grunneigedom til bustadføremål
- DS 228/15 Ferdigattest lagerrom - 34/360
- DS 229/15 Cecilie Skotnes og Arne Fagerbakke 81/13 - Igangsetjingsløyve for tiltaket
- DS 230/15 Larsen Invest AS 37/358 - Ferdigattest for tilbygg
- DS 231/15 Larsen Invest AS 37/358 - Ferdigattest for bruksendring av lokale
- DS 232/15 Runar Larsen 37/3 - Ferdigattest for tilbygg
- DS 233/15 Gnr 29 Bnr 12 - Frådeling av fire bustadtomter
- DS 234/15 Gnr 40 Bnr 24 -Ruben Bakke - Frådeling av 4 bustadtomter
- DS 235/15 Gnr 24 Bnr 35, 36 og 80 - Ingmar Gotten - Frådeling av bustadtomt
- DS 236/15 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 - Einebustad og garasje
- DS 237/15 Silje Slotsvik og Andre Voldsund 26/228 - Løyve til oppføring av einebustad
- DS 238/15 Sjøside Eigedom AS 34/22 - Klagen vert ikkje gjeve oppsetjande verknad
- DS 239/15 Sjøside Eigedom AS 34/22 - Klage på vedtak og utsatt klagefrist
- DS 240/15 Andor Leine 34/391 - Løyve til oppføring av vinterhage/terrasse
- DS 241/15 Åge Karlsen - 40/78 - Fritidsbustad og naust
- DS 242/15 Beate og Jonny sævik Leikanger - 26/233 - Einebustad og garasje
- DS 243/15 Aktiv Trening HUH as - 29/321 - Nytt gulv 2 etg Sunnmørsbadet
- DS 244/15 Søknad om utvida skjenketid
- DS 245/15 Bytte av styrer på salgsbevillingen
- DS 246/15 Sverre Myrvåg - 46/20 og 21 - Tilbygg hagetove
- DS 247/15 Gnr 37 Bnr 119 og 139 - Deling av grunneigedom til offentleg formål
- DS 248/15 Gnr 23 Bnr21 -Deling av grunneigedom til industriformål
- DS 249/15 Gnr 60 bnr 19 - Frådeling av grunn til uendra bruk
- DS 250/15 Gnr 7 Bnr 3 - Frådeling av mindre tilleggsparsell til bnr 19

- DS 251/15 Anita Nevstad og Bjarne Hildre - 45/155 - Igangsettingsløyve
- DS 252/15 Rogne AS 26/0 - Løyve til oppføring av ny kai
- DS 253/15 Villa Smolt AS 60/349 - Igangsetjingsløyve
- DS 254/15 Coop Vest as - 37/384 - Takoverbygg og ny trapp
- DS 255/15 Ferdigattest sjøledning - 19/17
- DS 256/15 Ferdigattest flytebrygge - 56/3
- DS 257/15 Ferdigattest - vannledning/anlegg - 21/1 m /fl.
- DS 258/15 Torvholmen,Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG reperasjon/ny kai
- DS 259/15 Tømrer Service AS 45/164 - Ferdigattest for seksjon 1 og 2
- DS 260/15 Mørebygg AS 26/200 - Mellombels bruksløyve for seksjon 1 og 2
- DS 261/15 Silje Steinsvik Paulsen - 36/120 - Einebustad og garasje
- DS 262/15 Peter Lind - 12/288 - Naust
- DS 263/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 - seksjon nr 9, 10 og 11
- DS 264/15 Ståle Berge - 29/238 - Tilbygg
- DS 265/15 Kenneth J. Sandvik 59/12 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 266/15 Marita og Aleksander Zahl Tarberg 12/94 - Ferdigattest for tilbygg til bustadhus
- DS 267/15 Ferdigattest garasje - 4/237
- DS 268/15 ferdigattest tilbygg/altan - 12/94
- DS 269/15 Mellombels bruksløyve -24/84
- DS 270/15 Nirosa Shanmuganathan 45/157 - Løyve til oppføring av einebustad og garasje
- DS 271/15 Mellombels bruksløyve - 4/323
- DS 272/15 Gnr 38 Bnr 2 - Frådeling av utbyggingsområde
- DS 273/15 Toril Eggesbø Weinert - 58/19 -Tilbygg
- DS 274/15 Hugo Leine - 36/84 - tilbygg/garasje
- DS 275/15 Sentrumsteigen AS - 34/99 - Rammeløyve for Fosnavåg terrasse - 14 leilegheiter
- DS 276/15 Tømrer Service AS 60/445 - Mellombels bruksløyve for seksjon 1 og 2
- DS 277/15 Tommy Tandberg 48/3 - Endring av løyve
- DS 278/15 Oddbjørn Sunndalskleiv - 37/64 - Tilbygg/Garasje og støttemur
- DS 279/15 Eggesbø småbåtlag - 38/5 - planering av tomt/skråfylling i sjø
- DS 280/15 Beathe Myklebust 26/40 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 281/15 Inge Runde 9/13 - Løyve til fasadeendring og oppføring av veranda
- DS 282/15 Lill Karin Nærø 7/23 - Løyve til oppfylling/sikring av terreng rundt

driftsbygning

- DS 283/15 Jensholmen AS 42/1 - Løyve til tiltak
- DS 284/15 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Endring av løyve
- DS 285/15 Jonas Balkevicius 34/245 - Løyve til oppføring av tilbygg
- DS 286/15 Jan Erik Leine 26/132 - Løyve til tiltak
- DS 287/15 Kristi Ulstein 45/26 - Ferdigattest
- DS 288/15 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 - Igangsettingsløyve
- DS 289/15 Gnr 24 Bnr 3 - Gudmund Nærø - Deling tilleggsareal til gnr 24 bnr 13
- DS 290/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Igangsetjingsløyve for resten av tiltaket
- DS 291/15 Kjøp av tomt 12/277 - Remøya
- DS 292/15 Lars Conradi Andersen og Åse Marie Remøy - 26/164 - Einebustad
- DS 293/15 Tore Vikingstad 44/41 - Ferdigattest
- DS 294/15 Aktiv trening HUH as - 29/321 - IG innreiing 2 etg sunnmørsbadet

Referatsaker

- RS 23/15 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre - Ekstraordinær generalforsamling 16.06.15
- RS 24/15 Oppmoding om busetting av flyktningar
- RS 25/15 Protokoll Generalforsamling Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
- RS 26/15 Sakspapir til representantskapsmøte i Dragsundbygg IKS 12.08.2015

PS 89/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Til sakliste:

Camilla Storøy kom med framlegg om at K-sak 97/15: «Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 – utkast til drøfting.» vert utsett då eigedomsleiaren ikkje kan vere tilstades og orientere.

Kommunestyret vedtok samrøystes å utsette saka.

PS 90/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 91/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 92/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 93/15 DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG SANDVIKA - STOKKSUNDKRYSSET FV 10 - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Magnar Storøy (V) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i Stokksund grendalag som har sendt inn innspel til planen. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Magnar Storøy vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, pkt. andre ledd.

Kjell Runde (Folk/Sp) kom med slikt tilleggsframlegg:

«Gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksund-krysset blir forlenga til enden av Sandvika slik at den inkluderer alle som bur der.»

Punktvis røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilleggsframlegget frå Folk/Sp fall mot 7 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset FV10, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 18.06.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 94/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 42, BNR. 1 MFL. (LANTERNEN MARINA) - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 1.7.2015.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

PS 95/15 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

1. Kommunestyret tek klagen på avvising av vedtak til følgje og tek klagen opp til realitetshandsaming.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at klagene fører med seg vesentlege nye moment i saka, som ville kunne ha ført til eit anna vedtak i kommunestyret si handsaming av sak 32/15.

Kommunestyret opprettheld vedtaket i K-sak 32/15 og avslår klagen som har kome innan fristen. Det er ikkje kome fram nye moment i saka som gir grunnlag for å endre vedtak, K-sak 32/15, om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda område F/K/O.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 96/15 MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - PRINSIPPAVKLARING DEPONERING AV MASSER I SAMBAND MED MUDRING

Møtebehandling:

Brev av 24.10.2014 frå Herøy Fiskarlag vart delt ut.

Linn Therese Hansen Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med grunneigar i området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn Therese Hansen Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, a.

Bjarne Kvalsvik reiste spørsmål om noverande leiar av Herøy fiskarlag, Stig Arne Sævik, er inhabil. Stig Arne Sævik gjekk frå under handsaming av habilitet.

Stig Arne Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, andre ledd.

Marthe Vågsholm Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er dotter til Stig Arne Sævik. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Marthe Vågsholm Sævik vart samrøystes kjend habil.

Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt framlegg:

- «1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal kun nyttast reine steinmasser til utfylling av deponiet i ytre hamn.
2. Herøy kommunestyre ber om utgreiing av eit nytt alternativ med deponering og tildekking av forureina masser på botnen av indre hamn, alternativt i kombinasjon med stranddeponi på indre hamn.
3. Stranddeponia i indre hamn blir begrensa i omfang til hovedsakleg å bygge nye kaier etter eksisterande kailiner.
4. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
5. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
6. Herøy kommunestyre ber om at kostnadsfordelinga mellom Herøy kommune og Kystverket vert avklara snarast råd og at det vert gjort eit overslag over dei kommunale kostnadane ved dei to alternativa innan 30.11.2015 slik at kostnadane er kjende tidleg i reguleringsarbeidet og kan innarbeidast i budsjett og økonomiplan.»

Det vart halde gruppemøte.

H og Frp v/Ann-Katrin (Tine) Storøy (H) kom med slikt framlegg om endring av pkt. 4 i formannskapet si tilråding:

- «4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuving, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.»

Camilla Storøy (Krf) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Stranddeponia i indre hamn blir begrensa i omfang til hovedsakleg å bygge nye kaier etter eksisterande kailiner.
3. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
4. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.»

Formannskapet si tilråding fall samrøystes.

H/Frp sitt framlegg vart vedteke med 15 mot 15 røyster (ordføraren si dobbeltrøyst).

4 røysta for Krf sitt framlegg.

11 røysta for Ap sitt framlegg.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.

PS 97/15 UTVIKLINGSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG 2015-2020 - UTKAST TIL DRØFTING

Møtebehandling:

Camilla Storøy kom med framlegg om at K-sak 97/15: «Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 – utkast til drøfting.» vert utsett då eigedomsleiaren ikkje kan vere tilstades og orientere.

Kommunestyret vedtok samrøystes å utsette saka.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

Saka vert utsett.

PS 98/15 SIKRINGSTILTAK MOT SKRED/STEINSPRANG FRÅ FJELLET BAK HULDAL BARNEHAGE I FOSNAVÅG - GJENNOMFØRING AV TILTAK OG LØYVING AV NAUDSYNTE MIDLAR

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

1. Herøy kommune tek på seg gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage.
2. Det vert løyvd 370.000 kroner til gjennomføring av prosjektet.
3. Løyvinga vert finansiert med tilskot på 240.000 kroner frå NVE. Den resterande kostnaden på 130.000 kronert vert finansiert ved låneopptak.
4. Huldal barnehage SA får utbetalt 53.072 kroner som dei har betalt for konsulentrapport frå Norconsult AS.

PS 99/15 OPPREISNINGSORDNING FOR BARNEHEIMSBARN, SKULEHEIMSBARN OG FOSTERBARN

Møtebehandling:

Leiar for avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

PS 100/15 SUNNMØRSBADET. SØKNAD OM AUKA KOMMUNAL FINANSIERING.

Møtebehandling:

Tor Sindre Steinsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6, bokstav e.

Ole Brubakk vart samrøystes vald som settevaraordførar.

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 10 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

Kommunestyret viser til søknaden frå Sunnmørsbadet Fosnavåg AS av 22.06.2015 og vedtek å auke finansieringa av uteområdet frå 35,0 mill kr til 38,9 mill kr ved at 3,9 mill kroner i sal av steinmasser til fylkesvegen, finansiert i K-sak 157/14, går til auka finansiering av uteområdet.

Søknaden mottatt 24.06.15 om auka forskottering av tippemidlar kan ikkje imøtekomast.

MØTET SLUTT KL. 20:30